



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Samferdselsavdelinga

Arkivsak 201201735-4
Arkivnr. 831
Saksh. Havsgård, Morten

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

31.01.2013

HØYRING - FRAMLEGG TIL ENDRINGAR AV YRKESTRANSPORTLOVA

SAMANDRAG

Samferdselsdepartementet har ved brev av 30.11.2012 sendt på høyring framlegg til endring av lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21. juni 2002 nr 45 (yrkestransportlova). Endringa vedkjem nasjonal og internasjonal person- og godstransport på veg innan EØS-fellesskapet. Høyringa legg opp til at transportløyveforvaltinga som kjem inn under lovendringa, vert flytta frå fylkeskommune til Statens vegvesen.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Fylkesutvalet kan ikkje sjå at det i høyringsbrevet er kome fram vektige moment som tilseier at løyveforvaltinga bør flyttast frå fylkeskommunen til staten.

Ved endring av yrkestransportlova, og innfasing av lova som del av EØS-avtalen, bør fylkeskommunen framleis ha nasjonal løyvemynde, med rapporteringsplikt til Statens vegvesen som har kontroll- og sanksjonsmynde.

Johnny Stiansen
Konst. fylkesrådmann

Thorbjørn Aarethun
Konst. samferdselssjef

Vedlegg: Høyringsbrev og vedlegg : 201201735-3

FYLKESRÅDMANNEN, 28.01.2013:

Bakgrunn for saka

Samferdselsdepartementet har ved brev av 30.11.2012 sendt på høyring framlegg til endring av Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21. juni 2002 nr 45 (yrkestransportlova). Høyringa kjem som følgje av at tidlegare EU-direktiv om yrkestransport vert erstatta av Rådsforordning (EF) nr. 1071/2009 om innføring av felles reglar om vilkår som må vera oppfylte for å kunna utføra yrket som transportør på veg, samt endring av forordning (EF) nr. 561/2006. At det her gjeld forordning i EØS-systemet har som følgje at vi talar om EØS- lovendring som tilseier endring av yrkestransportlova.

Mot normalt 3 månader er det sett kort høyringsfrist dagsett til 8. februar 2013, sidan endringa må gjennomførast ved handsaming av stortingsproposisjon og lovvedtak i Stortinget vårsesjonen 2013. Dette er igjen grunngjeve med tidsfrist for harmonisering av norsk rett med EU-rett innan området gods- og turvogntransport, ved at yrkestransportlova vert vedteken av Stortinget som del av EØS-avtalen.

Høyringsbrev med mange og tunge vedlegg kom samferdselsavdelinga så seint i hende at saksutgreiing ikkje vart ferdig og kunne handsamast på Samferdselsutvalet sitt møte 18. januar 2011.

Kva er omfatta av endringsforslaget

Endringsforslaget vedkjem nasjonal og internasjonal person- og godstransport på veg innan EØS-fellesskapet. For gods gjeld dette løyvepliktig transport med kjøretøy med og utan tilhengar over 3.500 kg. Kjøretøy *under* denne vektgrense kan fritt transportera gods innan fellesskapet.

For persontransport omfattar endringa løyvepliktig transport med kjøretøy med meir enn 8 seter i tillegg til førarsetet. Det vil sei at løyvepliktig persontransport med lågare setetal enn dette fell utanfor. I praksis er difor unnateke drosjetransport, transport med selskapsvogn og kjøretøy med såkalla handikap løyve.

Innhald i endringsforslaget

Endringa får blant anna som følgje at alle godkjende transportørar innan EØS-området kan og må registrera seg i Brønnøysundregistra som næringsdrivande, for å driva løyvepliktig transport med Norge som utgangspunkt.

Løyveforvaltninga i Norge og i EØS-området vert påverka av at vandelsvurdering av både transportbedrift og løyveansvarleg for bedrift skal lagrast i nasjonale databasar - som igjen skal utveksla informasjon med sentral vandelsbase i EØS-området.

Det er vidare foreslått at alle løyvesøknader skal ha karakter fellesskapsløyve, og at reine nasjonale løyve fell bort. Som nemnd må løyvehavar likevel registrera seg som næringsdrivande i landet han skal ha som aktivitetsnasjon. For nærare omtale av endringane syner ein til vedlagte høyringsbrev.

Administrative følgjer i Norge

Høyringa legg opp til at transportløyveforvaltninga som kjem inn under lovendringa, vert flytta frå fylkeskommune til Statens vegvesen (SVV).

Det skal opprettast ei administrativ eining for dette, som er føreslege lagt til Lærdal. Statens vegvesen vil i tillegg også handtera den internasjonale delen av løyva, og Vegdirektoratet vert føreslege som klageinstans for løyvevedtak.

Fylkeskommunane misser årsverk og inntekter ved omlegging av løyveforvaltninga. Departementet meiner endringa ikkje skadar fylkeskommunane særleg då endringa vert eit nullspel – bortfall av økonomi og oppgåver går opp mot kvarandre, og fylkeskommunane bør kunna handtera omstilling for tilsette som vert råka.

Fylkesrådmannen sine merknader

Det er råd å sjå at fylkeskommunen misser ein vesentleg funksjon og dialog retta mot næringa spesielt og logistikk i næringslivet generelt dersom ein tek bort ein viktig del av løyveforvaltninga.

Hordaland fylkeskommune ser ikkje nokon vanskar med å handtera det som i høyringa er definert som nasjonalt ansvar. Fylkeskommunen har hatt denne oppgåva i mange tiår, og har kompetanse, rutinar og verktøy til å løysa denne oppgåva på ein god måte. Ein ser det såleis ikkje som noko framsteg når ein føreslår å overføra løyveforvaltninga til Staten.

Geografisk er også landet slik laga at digitale nyvinningar ikkje kompenserer fullt ut for bortfall av fysisk nærleik til transportaktørar i regionen. Den tovegs dialogen ein har mellom politisk forankra løyvemynde og næringsaktørar, fell bort når ein flyttar løyvehandsaminga til ei sentral administrativ eining.

Ut frå dei endringar av yrkestransportlova høyringa byggjer på, er det spesielt eitt tilhøve som bør trekkjast fram.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det i høyringsbrevet er kome fram vektige moment som tilseier at løyveforvaltninga bør flyttast frå fylkeskommunen til staten.

Ved endring av yrkestransportlova, og innfasing av lova som del av EØS-avtalen, bør fylkeskommunane framleis ha nasjonal løyvemynde, med rapporteringsplikt til Statens vegvesen som kontroll- og sanksjonsmynde. Denne oppgåva bør styrkast.